

VIAK

Rev. 25.11.80

68.1306.

FRAMLEGG:

REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR FELT H I  
KNARVIK, LINDÅS KOMMUNE.

Fylkesrådmann og I Hordaland  
- 9 FEB. 1981  
Plan- og byggingssavdelinga

LINDÅS KOMMUNE  
TEKNISSJEF  
01258 070501  
Arkiv nr. *Soy*

GENERELT.

- § 1. Området som vert regulert i planen er nytta til:
- A. Byggjeområde for busetnad (med fellesanlegg og interne fellesareal).
  - B. Byggjeområde for industri og serviceanlegg.
  - C. Byggjeområde for offentlege føremål.
  - D. Friområde.
  - E. Tekniske anlegg.
  - F. Fellesføresegner.
- A. BYGGJEOMRÅDE FOR BUSETNAD.
- § 2. På areala skal det byggjast bustadhus med garasjer.
- § 3. I einskilde høve kan bygningsrådet gje løyve til å nytta deler av eit bustadhus til anna føremål enn til bustad.
- § 4. Vertikaldelte tomannsbustader kan ein gje løyve til på tomter som naturleg let seg dela i 2 parsellar. Bustader på 2 tomter kan byggjast saman i felles tomtegrense.
- § 5. Frittliggjande einebustader kan førast opp i 1½ høgd, med bustadrom anten på loft eller i kjellerhøgd i tillegg til hovedhøgda.
- § 6. Bygg skal liggja utanfor regulerte byggjegranser mot veg.
- § 7. Samla bustadareal i bustader, saman med areal i garasjer og andre uthus, skal ikkje vera meir enn 1/4 av arealet på tomten. Utnyttingsgrad maks. 0,25.
- § 8. Bygningar som høyrer saman i rekkje eller gruppe skal ha fargesetting, takform og materialbruk som høver godt saman. Plass for tørkeplass, fjernsyn-antenne, søppelspann og likn. må ikkje vera til sjenanse for nabo og ellers minst mogleg skjemma.

- § 9. På kvar tomt skal det vera plass for minst 1 garasje, og i tillegg til denne 1 parkeringsplass. Dagleg parkering av private biler på offentleg trafikkareal er forbode. Turvande parkeringsplassar for kjellarhusvære eller annan bruk etter § 3 må opparbeidast på eiga tomt.

Avkjørsler og garasjar er berre vist som illustrasjon på planen.

- § 10. Frå veggrunn til garasjeport eller gjerdeport i av-kjørsel skal det i kjøreretningen vera plass for den bil garasjen/avkjørselen er meint for.

- § 11. Mot veg setjast opp gjerde på max. 80 cm høyde, men minst 1.5 m frå regulert vegkant. Gjerde må ikkje stå i frisisiktsona. I grensa mot naboane kan ein planta hekk eller liknande. Vert det sett opp gjerde må det ikkje vera høgare enn 80 cm.

I område mellom veg og gjerde eller frisisiktslina skal planter og andre sikthindringar ikkje vera høgare enn 50 cm over den høgda som senterlinane i vegane synar.

**B. BYGGJEOMRÅDE FOR INDUSTRI OG SERVICEANLEGG.**

- § 12. Arealet skal nyttast til bygg for industri, serviceanlegg, institusjonar, (produksjon, lager, service, møtelokaler o.l.) og anlegg knytt til slike verksemd.
- § 13. Ved søknad om byggjetillatelse skal det leggjast fram planar som viser korleis støyen frå riksvegen kan reduserast til eit nivå som helserådet og arbeidstilsynet kan akseptera i høve til bruken av toma.
- § 14. Samla areal i alle etasjer i bygg på ein tomt må ikkje vera meir enn det halve av tomtearealet. (U.Maks. = 0.5).
- § 15. Bygga skal ikke ha meir enn to høgder eller ei gjennomsnittleg gesimshøgde på 7 m.
- § 16. All parkering til verksemda (parkering for tilsette, av- og pålessing) skal vera på eige grunn. Bygningsrådet kan krevja plan for arealet som syner at dette krav er stetta.
- § 16. Minst 1/5 av arealet skal vera grøntområde, (fri for bygg, trafikk og lager).

Ved byggjemelding skal det liggja ved framlegg til planteplan som skal godkjennast av kommune-gartnaren og bør gjennomførast samstundes med bygget.

- § 18. Alle gjerder og murar høgare enn 80 cm skal meldast til bygningsrådet som skal godkjenna plassering, høgde, konstruksjon og farge.

C. BYGGJEOMRÅDE FOR OFFENTLEGE BYGG:

- § 19. Området for offentlege bygg skal nyttast til transformator.

D. FRIOMRÅDE.

- § 20. Friområde skal arbeidast opp etter ein samla plan som er godkjent av bygningsrådet.
- § 21. I friområde kan ein setja opp tekniske anlegg som slamavskiljar, likeeins bygninger o.l. til nytte for drifta av friområdet.

E. TEKNISKE ANLEGG.

- § ~~22. Framføring av elektrisk straum og telefon skal vera i jordkabelanlegg.~~

F. FELLESFØRESEGNAR.

- § 23. Attåt desse reguleringsføresegnene gjeld bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne lova og departementet sine byggjeforskrifter.
- § 24. Etter at desse førsegnene er gjort gjeldande er det ikkje høve til å etablera privat servitutt som strir mot førsegnene.
- § 25. Innafor ramma av bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne og departementet sine byggjeføreskrifter, kan bygningsrådet gjera unntak frå desse førsegnene når særlege grunnar taler for det.